



Helland Eiendom & Invest AS
Idrettsvegen 3
5936 MANGER

Referanser:

Dykkar:

Vår: 20/13155 - 20/46059

Saksbehandlar:

Anngunn Marie Gullbrå

anngunn.gullbra@alver.kommune.no

Dato:

14.07.2020

Løyve til seksjonering - gbnr 123/133 Risa

Administrativt vedtak: Saknr: 752/20

VEDTAK:

Alver kommune godkjenner, i medhald av §13 i Lov om eigarseksjonar av 16.juni 2017 nr.65, søknad om oppdeling i 2 eigarseksjonar for sameiet Storhaugen 57A, 57B gnr.123 bnr.133 på grunnlag av søknad med vedlegga situasjonskart, planteikningar og vedtekter.

Bygningsmassen består av 2 vertikaldelte bustader over 1 etasje med 1 bueining i kvar som har fått igangsettingsløyve.

Seksjonane 1-2 er bustadseksjonar der begge seksjonar har sameigebrøken 1/2. Seksjon 1-2 har tilleggsareal B i form av uteboder utanfor plan 1. Dei ulike seksjonane er klart avgrensa i høve til kvarandre.

Det er avsatt tilstrekkeleg areal til parkering på eigedommen (i samsvar med byggeløyvet). Utearealet er fellesareal.

Seksjoneringa av eigedommen gbnr 123/133 er godkjent og ført i matrikkelen. Seksjoneringa vert sendt til tinglysing når klagefristen på 3 veker er ute, jmf Eigarseksjonslova §§ 16 og 17.

Saka gjeld

Kommunen har motteke søknad om seksjonering av eigedommen gbnr 123/133 i Alver, med adressa Storhaugen 57A-B . På eigedommen er gitt godkjent IG vertikaldelt 2-mannsbustad over 1 etasje. Kvar eining har eiga inngangsdør og eiga adresse.

Vurdering:

Søknad om seksjonering var nær komplett då den kom inn, med vedlegga kart, byggteikningar og vedtekter. Kommunen har etter avtale med innsendar påført talet 2 for teljar og nevnar i søknadsskjemaet pkt 4.

Søknaden er signert og sendt inn av Styrets leder Gaute Helland.

Vedtekter for sameiet sameiet Storhaugen 57A og 57B , gnr.123, bnr.133 ligg ved, og oppfyller minstekravet til slike vedtekter.

Etter gjennomgang av søknad med vedlegg, finn ein at søknaden stettar vilkåra i Lov om eigarseksjonar §7.

Regelverk

Lov om eigarseksjonar av 16.juni 2017 nr.65

Lov om eigedomsregistrering (matrikkellova)av 17.juni.2005 nr.101

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Gebyr:

Det er fastsatt gebyr i medhald av § 15 i Lov om eigarseksjonar. Etter Alver kommune sitt gebyrregulativ for handsaming etter Lov om eigarseksjonar pkt 14.1.1 er gebyret for 4 seksjonar kr 7400,- + tinglysingsgebyr kr 585,-

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «20/13155»

Med vennleg helsing
Alver kommune, Kart og oppmåling

Tommy Veland
Avdelingsleiar

Anngunn Marie Gullbrå
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om seksjonering - gbnr 123-133

Kart

Mottakrar:

Helland Eiendom & Invest AS

Idrettsvegen 3

5936

MANGER